



hardanger  
hardanger berlin



HARDING  
PULS

**Framsida:** Ingerid Jordal, " Blått eple", foto

**Baksida:** Lars Korff Lofthus, "Neon bjerk i storm", maleri, 180 x 150 cm

Redaksjon og design: Aud Bækkelund og Solfrid Aksnes

Engelsk oversetting: Tone Aanderaa

Korrektur: Torunn Øvsthus

Fotograf Olav Bjørkum: side 9 og 10

Fotograf Dag Fosse / Bergen Kunstmuseum: baksida

Foto på side 5 er tatt av Lars Korff Lofthus

[www.hardingpuls.no](http://www.hardingpuls.no)

[www.hardanger-berlin.no](http://www.hardanger-berlin.no)

# hardanger hardanger

# berlin

Hardangerrådet har dei siste åra lagt til rette for at kunstnarane i og frå Hardanger kan få hente inspirasjon i Berlin. Berlin er ein multikulturell by som trekkjer til seg kunstnarar frå heile verda, og blir rekna som den store kunstmetropolen i Europa. Kunstarenaene i byen er uendeleg mange, og spenner frå dei store museumssamlingane til små mellombelse visningsstader.

Dei store byane i Norge har både eigne stipendordningar og husvære i utlandet for kunstnarane sine. Det betyr mykje for kunstnarane i ein region som Hardanger at også dei får liknande ordningar. Med ein kunstnarbustad i Berlin har Hardanger meir å by på og det er med å gjere det attraktivt for kunstnarar å busetje seg og bli buande i regionen vår.

Den stor etterspurnaden og søknadane for opphald i Berlin, viser at dette tilbodet er eit viktig tiltak for kunstnarane.

I utstillinga viser me dei biletkunstnarane som har hatt opphald i Hardangerrådet sin kunstnarbustad i 2009 og 2010.

Hardanger Council has in recent years made it possible for artists in and from Hardanger to find inspiration in Berlin. Berlin is a multicultural city that attracts artists from all around the world and is considered the major art metropolis in Europe. The city's art arenas are infinitely many, ranging from the large museum collections to small temporary display locations.

The major cities in Norway all have their own scholarship programs and apartments abroad for their artists. It means a lot for the artists in a region such as Hardanger that they are offered similar programs. With an artist residence in Berlin Hardanger has more to offer, and this is also making it more attractive for artists to settle and become residents in our region.

All the inquiries and the applications for the residence in Berlin, shows that this offer is an important measure for the artists.

This exhibition presents the artists who have resided at Hardanger Council's artist apartment during 2009 and 2010.

## Lars Korff Lofthus

Berlin - 1. oktober - 20. desember 2009

Berlin - 1. januar - 15. februar 2011

Opphaldet i Berlin vart hovudsakleg brukt til arbeidet med ei separatutstilling på Galleri Langedgården i Bergen.

Utstillinga vart også vist på visningsrommet til Atelierhof Kreuzberg, der eg hadde atelier under opphaldet.

Dei nye kontaktane i Berlin har mellom anna resultert i deltaking på ei gruppeutstilling i Berlin i april 2011.

I tillegg oppmoda eg fleire tyske kunstnarar til å søkje på Hordaland Kunstsenter (HKS) si internasjonale gjestekunstnarordning, gjennom mine kontaktar.

Soleis vart det utveksling andre vegen også.

Ein bonus var å bli kjend med fleire av dei unge nordiske kunstnarane som bur i Berlin. Dette er folk som eg stadig treff att i ulike samanhengar heime i Noreg.

Hardanger-Berlin-ordninga gjer at ein kan arbeida og få nye inntrykk på ein arena med fleire parallelle diskursar og ulike uttrykk. Dessutan tek ein sin eigen praksis ut av den vande konteksten. Neon Bjerk i Storm (2009) er måla i Berlin.

## Lars Korff Lofthus

Berlin - October 1 - December 20, 2009

Berlin - January 1 - February 15, 2011

The stay in Berlin was mainly used to work with a solo exhibition at Galleri Langedgården in Bergen.

The exhibition was also shown in the display room of Atelierhof Kreuzberg, where I had a studio during the stay. The new contacts in Berlin have among other things resulted in my participation in a group exhibition in Berlin in April 2011. In addition, I encouraged several German artists to apply for the International Guest Artist program at Hordaland Art Center (HKS), through my contacts. This way there was an exchange made the other way as well.

A bonus for me was to be acquainted with many of the young Nordic artists living in Berlin. These are people that I often meet in different contexts at home in Norway.

The Hardanger-Berlin-arrangement means that one can work and get new impressions in an arena with several parallel discourses and different expressions. In addition one is taking one's own practise out of its familiar context. Neon Bjerk i Storm (Neon Birch in Storm) (2009) was painted in Berlin.



Lillian Samdal  
Lyttestasjon:  
*Reading Book Titles*

## Lillian Samdal

Berlin - 1. oktober - 20. desember 2009

Berlin - 1. januar - 15. februar 2011

Eg reiste saman med Lars Korff Lofthus i 2009. Planlegginga av prosjektet Reading Book Titles tok form der, og eg laga utstillingsavtale med Real FAGbiblioteket i Bergen.

Å reise vekk for å arbeide med noko heimover er ein god idé fordi avstanden ofte tilfører noko. Arbeidsro i stipendleilegheita er noko eg vil dra fram som særst positivt. Byen ligg like utanfor og ein kan finne absolutt alt der.

Eg fekk sjølv opphald i 2011 og erfarte det som enormt positivt å koma attende. Eg fekk meir ut av byen denne gongen.

Eg byrja på eit nytt prosjekt basert på funn eg gjorde tidleg i opphaldet - og nytta sidan mykje tid på å saumfare marknader og bruktbu tikkar på utkik etter særskilde ting som skulle passe inn i prosjektet. Mange kunstnarar brukar mykje av si tid på å leite. Berlin er rik på skattar og historie og det er ikkje den ting du ikkje finn. ....

## Lillian Samdal

Berlin - October 1 - December 20, 2009

Berlin - January 1 - February 15, 2011

I travelled together with Lars Korff Lofthus in 2009.

The planning of the project Reading Book Titles took shape there, and I made an agreement about exhibiting at the Science Library in Bergen.

To go away to work with something homebound is a good idea, because the distance often adds something. The peaceful work environment of the scholarship apartment is something I want to point out as particularly positive. The city is just outside and one can find everything there.

I received my own residency in 2011 and I experienced it as hugely positive to come back. I experienced more of the city this time. I started on a new project based on the discoveries I made early in the stay - and then used much time to examine markets and second hand shops on the lookout for particular items that would fit into the project. Many artists spend much of their time searching. Berlin has a wealth of treasures and history and there is not a thing you cannot find there.....

## Solfrid Aksnes

Berlin - 8. november - 20. desember 2010

Med 6 veker i Berlin vart det god tid til å utforske kunstarenaene i metropolen. Det som inspirerte meg mest i mitt eige arbeid var besøka hjå ei heil rekkje kunstnarar i deira atelier på open dag. Der møtte eg mange som arbeidde med collage som uttrykksform, det gav sjølvtrillit og inspirasjon til å utvikle vidare mine eigne collagearbeid. Som leiar for kunstnarforumet Harding Puls utveksla eg og adresser og informasjon med ein av kunstnarorganisasjonane i byen. Det er mogleg me kan få til ein utveksling med dei.

## Ingerid Jordal

Berlin - april - juni 2010

Under opphaldet i Berlin fekk eg tid og plass til å fordjupa meg i det kunstnarlege arbeidet. Medan eg var i byen haldt eg liv i ein berlinarblogg og starta eit samarbeidsprosjekt med ein tysk fotograf. Vi planlegg å stilla ut i løpet av året. .... Å få moglegheita til å oppleve og bu i ein storby har vore svært fruktbart for meg, som ein kontrast til heimstaden. Kreativitet skjer når motstridande tankar kolliderer, og her fekk eg nye impulsar, inspirasjon og kanskje litt "sjokk". Minst lika fint var det å få moglegheita til å lengte heim att, for å ta fatt på dei nye prosjekta og tankane som spring fram medan ein er på reise.

## Solfrid Aksnes

Berlin - November 8 - December 20, 2010

With 6 weeks in Berlin, there was plenty of time to explore the art venues in the metropolis. What inspired me most in my own work were the visits I made to a whole series of artists in their studio on Open Day. I met many people who worked with collage as their form of expression; this gave me confidence and inspiration to further develop my own collage work. As head of the artist forum Harding Puls I exchanged addresses and information with one of the artist organizations in the city that had its own gallery. It is possible we will make an exchange with this organization.

## Ingerid Jordal

Berlin - April - June, 2010

During my stay in Berlin I had time and space to immerse myself in my artistic work. While there I managed to keep a Berlin blog going, and I started a joint project with a German photographer. We plan to exhibit together some time this year. .... To have the possibility to experience and live in a big city has been very fruitful for me, as a contrast to my home place. Creativity happens when conflicting ideas collide, and here I got new impulses, inspiration and maybe a little "shock". And just as nice was the opportunity to long for home, to embark on the new projects and the thoughts that appear while one is traveling.

## Ingunn van Etten

Berlin - 1. oktober - 8. november 2010

Opphaldet gav høve til konsentrasjon, inspirasjon og å få nye inntrykk, påfyll av krefter, pågangsmot og glede over det å vera kunstnar.

Eg hadde stort fagleg utbyte av å kunne kombinere eige arbeid og det å kunne gå ut i byen og få nye og inspirerande inntrykk kvar dag. Mykje av det eg såg og let meg inspirere av medan eg var i Berlin, har fått ei fortsetjing då eg kom heim att. Ordninga med å kunna ha eit slikt opphald i Berlin er med og gjera at me kunstnarar som held til her i Hardanger, får høve til å orientere oss i ei vidare kunstverld, skape kontaktar og få fagleg påfyll som me tek med oss attende og kan bruke i vårt daglege virke her.

## Ingunn van Etten

Berlin - October 1 - November 8, 2010

The stay offered concentration, inspiration, and getting new impressions, replenishment of energy, enthusiasm and joy of being an artist.

I experienced a great professional benefit in being able to combine my own work with the opportunity to go out in the city and get new and inspiring impressions every day.

Much of what I saw and was inspired by while in Berlin, has evolved after my return home. This residency program in Berlin gives artists from Hardanger the opportunity to orientate ourselves in a broader artistic context, make new contacts, and get professional input to bring with us back for use in our daily work here.



Ingunn van Etten:  
*Eg skulle hatt eit hav.*  
str. 70 x 80 cm

## Judy Sirks Vevle

Berlin - Juni 2010

Min plan var å oppsøke museer og gallerier, studere storbylivet og kulturlivet. Jeg hadde et vagt utgangspunkt for hva jeg kunne arbeide med i Berlin, nemlig forholdet mellom NATUR / LAND og BYLANDSKAP / URBANITET. Det ble tatt mange fotografier og jeg bygget opp et bra arkiv for senere videreutvikling av eventuelle malerier / fotocollager.

Min gode venninne og kunstner Trine Lise Nedreaas, som bodde og virket i Berlin, involverte meg i et film/performance prosjekt i "Radial System, New Space for The Arts in Berlin". Dette var et heldags/kvelds prosjekt, der vi som et filmcrew filmet en scene for et live publikum.

Berlin Biennalen 6th Berlin Biennale for Contemporary Art 11.6.–8.8.2010, var også et viktig innslag i mitt opphold. Siden jeg aldri har overværet en biennale før, var dette en ny og nyttig opplevelse.



Judy Sirks Vevle: Foto

## Judy Sirks Vevle

Berlin, June, 2010

My plan was to visit museums and galleries, study urban life and culture. I had a vague idea of a starting point for what I could work with in Berlin, namely the relationship between NATURE / COUNTRY and CITY LANDSCAPE / URBANITY.

Many photos were taken, and I built up a good archive for later development of paintings / photo collages.

My good friend and artist Trine Lise Nedreaas, who lived and worked in Berlin, got me involved in a film / performance art project in "Radial System, New Space for the Arts in Berlin." This was an all day/ night project, where we as a film crew filmed a scene in front of a live audience.

The 6th Berlin Biennale for Contemporary Art June 6 – August 8, 2010, was also an important element of my stay. Since I have never been to a biennial before, this was a new and useful experience.





Els Geelen:  
*Landskap i lysegrønn*  
str. 140 x 95 cm

## Els Geelen

Berlin - 3. - 17. januar 2010

Opphaldet i Berlin har vore til inspirasjon og gitt refleksjon over tema i eige arbeid, og betydninga av dette i dagens samfunn. I opphaldsperioden besøkte eg mange museum og galleri, og fekk god tid å konsentrere meg om kva eg ynskte å setje fokus på ved separatutstillinga på Hardanger museum, Utne, seinare i 2010. Å ha naturen som tema når eg var i Berlin blei ein kontrast til kunsten eg såg der, som var veldig prega av det urbane og av historia.


Dette synest eg var spennande og gav meg nytt fokus og nye impulsar til utdjuping av eige tema. Det var fint å kunne treffe gamle vener. Eg kom heim med inspirasjon, fokus, skisser, foto og kunstnarisk påfyll.

## Els Geelen

Berlin - January 3 - 17, 2010

The stay in Berlin has been an inspiration and provided reflection on issues in my own work, and the significance of this in today's society. During the residency period I visited many museums and galleries, and I had a lot of time to concentrate on what I wanted to focus on in my solo exhibition later on in 2010 at Hardanger Museum in Utne. Having nature as a theme while in Berlin was a contrast to the art I was seeing there, so characterized by the urban life and of history.

This was exciting and gave me a new focus and new impetus to the deepening of my own theme. It was also nice to meet old friends. I returned home with new inspiration, focus, sketches, photographs and artistic refill.



Aud Bækkelund:  
*Drøm om fuglesang/  
Dream of Birdsong*  
str. 300 x 220 cm

**Aud Bækkelund**  
Berlin - 15. mars - 12. april 2010

I Berlin observerte jeg verden og kunsten fra en annen vinkel. Berlin bød på store doser samtidskunst og leiligheten i Fritz-Reuter-Straße ga ro og konsentrasjon.

Det ble fire gode uker med oppdatering, faglig påfyll, nye ideer og ny glød til eget arbeid.

**Aud Bækkelund**  
Berlin - March 15 - April 12, 2010

In Berlin I observed the world and the art from a different perspective. Berlin offered large doses of contemporary art, and the apartment in the Fritz-Reuter-Straße offered quiet and concentration. There were four good weeks of updating, professional refill, new ideas, and a new spark to my own work.

**Takk til Hardanger folkemuseum**  
for samarbeidet med utstillinga på Utne  
sommaren 2011

**Takk til støttespelarar for vandreutstillinga**  
***Hardanger - Berlin - Hardanger, hausten 2011***

Sparebank 1) Hardanger  
Sparebanken Vest  
Hardanger Kulturråd  
Kvam herad  
Eidfjord kommune  
Odda kommune

Takk til Hardangerrådet som leiger kunstnarhusværet i Berlin



[www.hardingpuls.no](http://www.hardingpuls.no)